



Alle skolene
v/rektor

Sandnes, 01.10.07

Deres ref.:
Saksbehandler: Gurid Lomeland

Vår ref : gulo 200603972-10
Arkivkode : E: B34 &16

Rundskriv 3/2007 – Rutinar for å sikre at gratisprinsippet blir etterlevd

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn på gratisprinsippet i grunnskolen i Sandnes. Tilsynet avdekte brot på regelverket som skal sikre at elevar i offentleg skole får gratis grunnskoleopplæring. Fylkesmannen avdekte følgjande under tilsynet:

Avvik 1: Sandnes kommune har ikkje eit system som hindrar at det blir kravd inn eigenbetaling ved arrangement i skolens regi

Avvik 2: Sandnes kommune har ikkje eit system som sikrar at gåver er reelt frivillige og anonyme.

Gratisprinsippet i offentleg grunnskole er heimla i opplæringslova § 2-15, og gjer at kommunane ikkje kan krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av opplæringa.

Under tilsynet med Sandnes kommune blei det avdekka at det ved fleire høve er kravd betaling av foreldre ved turar og arrangement: Skidag, meirforbruk leirskole, skeisedag, avslutningsturar og elevutveksling. I alle tilfelle er det snakk om turar og aktivitetar i skolens regi og med lærer med.

Mange skolar har gåvekasser der det er høve til å gi frivillige gåver til skolen. Desse gåvene skal vere reelt frivillige og anonyme. Tilsynet avdekte veikskapar ved kommunen sitt system for å sikre dette. Ikkje alle skolar i Sandnes har sikra at gåvene som blir gitt, er reelt frivillige og anonyme.

For å sikre at alle elevar i Sandnes-skolane får gratis grunnskoleopplæring vil Sandnes kommune gjere følgjande:

1. INFORMASJON TIL FORELDRE OG FØRESETTE

Kommunaldirektøren ber skolane informere alle foreldre og føresette til barn som skal ta til på skolen om dei rettane og pliktene dei har i den norske grunnopplæringa, mellom anna retten til gratis grunnopplæring. Dette kan ein gjere på fleire måtar:

- Ein kan til dømes når ein sender innskrivingsbrev legge med heftet God skolestart frå PedLex. Her blir det gjort god greie for rettar og pliktar i grunnopplæringa.

- Ein kan vise foreldra, også dei framandspråklege, til skolenettet. Utdannings- og forskningsdepartementet gav i 2004 ut ei brosjyre i samarbeid med dåverande Læringssenteret og Foreldreutvalet i Grunnskolen (FUG) om rettane og pliktene til elevane i den offentlege grunnskolen. Brosjyren kan lastast ned på fleire forskjellige språk [her](#). Det er diverre ikkje lenger mogleg å bestilla trykte utgåver av brosjyren.
- Skolen kan også vise dei føresette til informasjonen (frå Nasjonal tenestekatalog) på Sandnes kommune sin heimesider under menyknappen Tenester/skole og utdanning. Innhaldet i retten til gratis grunnopplæring står her omtalt med lenker til lover og rundskriv og opplysning om korleis ein kan klage om ein meiner retten ikkje blir oppfylt. Nettsida blir publisert 1. oktober 2007.

Kommunaldirektøren ber alle skolane legge ut informasjon om gratisprinsippet på skolen sine heimesider. Honnør til dei som allereie har gjort det!

2. RUTINAR FOR Å SIKRE GRATISPRINSIPPET

Gratisprinsippet er viktig i norsk skole. Det har derfor mykje å seie at kommunen har eit system som sikrar at alle involverte i skolane er kjende med §2-15, og at skolen og lærarane har ein praksis som sikrar at gratisprinsippet blir følgt.

Omsynet bak regelen i opplæringslova § 2-15 er at det ikkje skal skapast økonomisk press innanfor ein klasse eller skole. Regelen er ikkje til hinder for at skolane kan ta imot ulike former for gåver, anten dette er frå næringsliv, foreldre, venneforeningar eller andre. Det er likevel viktig å merke seg at gåvene må vere reelt frivillige. Verken elevar eller foreldre må føle seg forplikta til å gje økonomisk bidrag. Den som gir gåva kan ikkje stille krav om motytingar, til dømes i form av reklame. Gåvene må også kome heile klassen/gruppa til gode. Det kan ikkje reserverast beløp til givaren sine barn eller til ein mindre del av deltakarane. Ved eventuelle foreldrebidrag bør det sørgjast for anonymitet så langt det er praktisk mogleg. Skolen kan ikkje i noko tilfelle ta initiativ til aktivitetar som krev betaling frå foreldra. Bruk av klassekasse må vere elev- og foreldrestyrt.

For å sikre at gratisprinsippet blir etterlevd ber kommunaldirektøren i Sandnes om at desse rutineane for finansiering av "gilde" tiltak i skolekvardagen blir innførte på skolane:

A. Pengar til å finansiera skoleturar, festar o.l skal i all hovudsak samlast inn gjennom dugnad. Elevane og føresette kan til dømes gjennom kakeletteri, loppemarknadar eller kulturelle arrangement skaffa til veie pengar som trengs for å finansiera gilde tiltak i skolekvardagen. Deltakinga må sjølvsagt vere heilt frivillig.

B. Alle skolar skal ha eit foreldrearbeidsutval (FAU) med egen kasserar og alle utvala skal ha ein konto reservert innsamla midlar til gilde tiltak i skolekvardagen. Kasserer for FAU fører rekneskap med kor mykje pengar dei ulike klassane/trinna har samla inn til sine planlagde tiltak. Kasserer i FAU kan disponera ei handkasse der trinna kan gå for å få kontantar til å betala for ulike småkjøp som dei ikkje kan få faktura for. Det skal aldri vere meir enn 5000 kroner kontant i handkassa.

C. Det er lov å ta imot pengegåver både frå firma, foreldre og andre. Skolen skal aldri oppmode foreldra om å gi pengegåver. For å sikre at givarane blir anonyme og at det ikkje oppstår press på å

gi, kan dei som ynskjer å gi pengegaver ved å setje pengane inn anonymt på kontoen til skolen sitt foreldrearbeidsutval (FAU). Pengane merkjer ein med føremålet dei skal nyttast til, til dømes: "avslutningstur for 10. trinnet skoleåret 2007/08", "leirskole i Ulladalen for 4. trinnet mai 2009" e.l.

3. STIKKPRØVEKONTROLLAR

Kommunaldirektøren vil med mellomrom ta stikkprøver for å kontrollera at gratisprinsippet blir etterlevd.

4. EVALUERING

Kommunaldirektøren vil ta imot innspel på korleis desse rutinane fungerer og vurdere om det er behov for justeringar etterkvart.

Med helsing



Kari Bente Daae
kommunaldirektør